**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Anne-Beth Njærheim, V, er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Kari Bernardini, A, er styremedlem i Kvam Bompengeselskap AS.
- Synnøve Solbakken, A, er styreleiar i Bømlo Vegselskap AS.

Njærheim, Bernardini og Solbakken gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.
Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim, Kari Bernardini og Synnøve Solbakken var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Anne-Beth Njærheim, Kari Bernardini og Synnøve Solbakken gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

**Røysting**

Fylkesrådmannens sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargarantiar overfor Ferde AS til følgjande prosjekt:

1. Jondalstunnelen
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 50 mill. kr.
   Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2024.

2. Fastlandssambandet Halsnøy
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 130 mill. kr.
   Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2023.

3. Bømlopakken
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 600 mill. kr.
   Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

4. Kvammapakken
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 370 mill. kr.
   Garantien dekkjer i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

5. Vossapakken
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 610 mill. kr.
   Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2030.

6. Hardangerbrua
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 1 430 mill. kr.
   Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
   Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2029.

7. Nordhordlandspakken
   Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr.

Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2032.

8. <u>Årsnes ferjekai</u>
Sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 16 mill. kr.
Garantien omfattar i tillegg inntil 10 % av hovudstol til påløpne kostnader.
Maksimal garantiperiode er fram til utgangen av 2026.

9. Ved garantistilling overfor Ferde AS fell tidlegare vilkår om aksjemajoritet og styrefleirtal i bompengeselskapa bort.

**Hordaland fylkeskommune**
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]